



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Bjerkreim sokn

Dato 19.09.24  
Arkiv BS2024-15-3  
Saksbeh. AAV

Bjerkreim kommune

## **Tiltak: Budsjett- og økonomiplan 2025-28**

Vedlagt følger soknet sine tiltak til komande budsjett – og økonomiplanperiode.

For 2025 har soknerådet valt å spele inn to satsingsområde:

1. Auka støtte til diakonstillinga
2. Utarbeiding av ein tilstandsrapport for Ivesdal kyrkje

Soknerådet ser fram til samarbeid i den vidare budsjettprosessen. Endeleg driftsbudsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-28 vert sett opp i etterkant av at kommunestyret har vedtatt endeleg rammeoverføring til soknet. Driftsbudsjettet vårt vert sendt over til kommunen til orientering på nyåret.

Beste helsing

Astrid Apalset Vassbø  
kyrkjeverje

**Vedlegg:** Tiltak 1: Diakon, framleis dekking av 25 prosent stilling

Tiltak 2: Utarbeiding av tilstandsrapport for Ivesdal kyrkje

## Tiltak 1 frå: Bjerkreim sokn

Område (drift/investering): Drift

Tiltaksnamn: Støtte til diakonstilling

### Informasjon om tiltak: Soknet søker om framleis støtte til diakoniarbeidar

Grunngjeving: Kommunestyret vedtok juni 2021 å støtte Bjerkreim sokn med midlar til 25 prosent stilling diakoniarbeidar, altså halvparten av kostnaden med halv stilling.

Det siste året har diakonarbeidaren blitt ferdig utdanna diakon, og han har byrja i fast 50-prosent stilling som diakon frå 1. august. Diakonstillinga er høgare løna enn diakonmedarbeidarstillinga, difor stig utgiftene og søknadssummen noko.

Diakonen har mange av dei same oppgåvene som før, og fleire av desse er i samarbeid med kommunen til beste for innbyggjarane i kommunen vår:

1. koordinering og gjennomføring av Global kafé for flyktningar og andre annankvar onsdag. Språktrening, aktivisering og møteplass for personar med ulik nasjonal bakgrunn
2. samarbeid med tilsette i psykisk helse i kommunen ang. markering av psykisk helse-dagen mm.
3. oppfølging av etterlatte etter dødsfall
4. tilgjengeleg samtalepartner/lyttar utanfor forbruken ein time fast kvar tysdag.
5. besøk på omsorgssenteret/dagsenteret
6. kontakt med Frelsesarmeen m.fl. ang. julehjelp til dei som treng dette.

Det er forventningar om at Stavanger bispedøme skal bidra med resterande 25 prosent til stillinga som er på 50 prosent. Men bispedømet har framleis ikkje mottatt friske midlar gjennom statsbudsjett/frå kyrkja nasjonalt til fleire diakonale stillingar, og bispedømet vel å støtte dei sokna som tidlegare har fått pengar til slike stillingar heller enn å gje til nye sokn. Bjerkreim sokn har vore tydeleg i sentrale høyringar for å endra dagens støtteordning, og er stadig i kontakt med Stavanger bispedøme med ei klar forventning om at diakonstillinga her skal få økonomisk støtte òg derifrå.

Vi håpar Bjerkreim kommune ser at samarbeidet om denne stillinga er nyttig òg for kommunen og innbyggjarane her og framleis ynskjer å støtte tiltaket.

Iverksetting: Diakonarbeidar frå 2021 – diakon frå 2024 – øk.planperiode til 2028

Vi søker om denne støtta:

Driftskostnader	2025	2026	2027	2028
(i hele tusen)	215	225	225	225

**Utløyer tiltaket tilskot eller refusjon – håpar frå Stavanger bispedøme:**

Driftskostnader	2025	2026	2027	2028
(i hele tusen)	215	225	225	225

## Tiltak 2 frå: Soknet

Område (drift/investering): Drift

Tiltaksnamn: Tilstandsrapport Ivesdal kyrkje, deretter evt vedlikehaldskostnader

### Informasjon om tiltak:

Det er fukt i fleire vindaug/karmar i Ivesdal kyrkje. Dette gjer at vindauga og karmane slår seg, og dette er synleg både innandørs og utandørs.

I tillegg er det ein synleg svikt i det som er ein del av golvet i galleriet, det viser seg som ein boge i taket over benkane nede.

Etter å ha rådført oss med Bojan Orej søker vi med dette for ein fullstendig tilstandsrapport til å få gjennomgått heile Ivesdal kyrkje og få oversikt over kva som bør gjerast for å halde denne kyrkja i god stand. Ein slik rapport vil òg gje svar på kva som hastar mest og eit overslag over kva det vil koste å reparere det som trengs.

Multiconsult antyder at ein slik rapport kan koste om lag 20 000 kr.

Soknet søker om midlar til ein tilstandsrapport i 2025, deretter er det naturleg å lage ei prioritert liste over det som må gjerast. Målet er å få gjort mesteparten i 2026 og at den totale kostnaden ikkje er så høg.

Iverksetting: Grunnlagsarbeid med tilstandsrapport i 2025, reparasjonar/vedlikehald 2026

Økonomi	2025	2026	2027	2028
(i hele tusen)	20	100	0	0

### **Utløyser tiltaket tilskot eller refusjon:**

Driftskostnader	2025	2026	2027	2028
(i hele tusen)	0	0	0	0